


# LAVIK HAR GODE KOMMUNIKASJONAR.

**Men ventar på at riksvegen Torvund-Vadheim skal verta ferdig. Heradet har dårlege skulehus, men vil sentralisera skulen så mykje som råd er.**

Lavik herad er eit av dei minste i Sogn og Fjordane, både i vidd og folketal. Sognefjorden deler det i to med den største delen på nord-sida av fjorden. Ser ein på kartet, vil ein finna at heradet har ein viss likskap med verdsluten Afrika. I dette «Vetle-Afrika», 226,69 kvkm, lever det berre om lag 1000 menneske. Det vil seia at på kvar kvkm bur ca. 4,5 menneske. Etter dette skulle ein mest tru at folket i Lavik har det svært romsleg, men dette er no ikkje tilfelle i røynda. Heradet er nemleg svært fjellendt, og dei jordfleckane som fins der, har skapa levebrød til mange. Dei fleste gardane er difor småe, frå 20 til 50 mål. I alt er det 170 bruk i heradet, men forutan jordbruk vert det hogge ein del skog og fanga mykje laks.

I midten av det førre århundret



Parti frå Lavik.

mykje på grunn av den store regelløysa i verdsleg og kyrkjeleg inndeling i bygdene her. Lavik skipreide femnde på denne tida om større eller mindre partar av 4 sokner omfram heile Brekke sokn, som kyrkjeleg høyrde til Eivindvik. Først i slutten av 1880-åra nådde ein fram til ein endeleg skipnad. Brekke sokn vart i 1858 førd over frå Eivindvik til Lavik prestegjeld, og i 1862 fekk Lavik og Brekke eige sams formannskap. I 1904 vart

gen, og det er meininga at den skal byggjast fram til Bosdal. Den er førd opp som vegfondsvog, men pengetilskota er alt for småe. I Bosdal er det 3 bruk der det eine er ein av dei største snørproducentane i heradet.

Med omsyn til båtruter har vi grunn til å vera nøgde. Frå den tid Fylkesbåtane vart borda i Værholm har det stendig gått framover med båtsambandet til nytte for heile heradet. Med unntak av ei rute er Lavik no vor-

Lavik og Brekke løyst frå kvarandre og vart to sjølvstendige herad.

Det har gått i rett lei for Lavik, og i dag står kommunen stort sett bra økonomisk, utan gjeld. Men oppgåvene ligg der og ventar, så pengemidlar vert det aldri for mykje av. Vil ein ha eit oversyn over korleis tilhøva er i heradet, og kva slag oppgaver som står fremst på arbeidsprogrammet, er det rimeleg at ein vender seg til ordføraren. For tida er det Thomas Kvammen som er ordførar i Lavik, og i han møter vi ein venleg og velviljug mann, som det er ein hugnad å slå av ein prat med.

## Kommunikasjonstilhøva.

Vi bed han først seia nokre ord om kommunikasjonstilhøva før og no og kva slag planar kommunen har på det omkvervet.

— Av dei sakene heradsstyret har til handsaming i dag, er det få som er verkeleg store. Men dei største som har vore framme i heradsstyret i si tid, er nok dei som gjeld kommunikasjonane i heradet. Den eldste vegen i heradet er den som går herfrå og innover til Alværen. Det er såleis ikkje noko rart i at denne vegen har fått ordet på seg som den dårlegaste riksveg i landet. Men før eller seinare vert det nok ny veg på denne strekninga med omregulering her i sjølve Lavik. Den viktigaste vegen fekk vi i vegen Lavik—Lavikdalen. Den opna mykje på stengslene for Lavik sitt vedkomande. Av dei vegane vi elles har i heradet er mange ikkje ferdige. Her kan nemnast vegen ut til Bekken som berre er komen eit par km, og ein gong i framtida vil vel arbeidet med denne vegen halda fram heilt til Leirvik. Arbeidet på vegen opp til Øvre Værholm er no mest ferdig, og det vert arbeidd med veg Svultingen bru—Sørestrand i Lavikdalen. Elles er det ein del gardar, serleg i Lavikdalen, som framleis ventar på veg. Frå høgda, midt mellom Ringer-eide og Alværen, går det ein gardsveg oppover fjellet. Arbeidet her vart påbyrja nett før kri-

te stoppestad for alle inn- og utgåande båtruter. Frå i fjor byrja ein med bussrute frå Dale til Lavik. Elles er det av verde for dei på sørsida av fjorden at vi har fått i stand ei motorbåtrute mellom Tredal og Lavik. I det helle har heradet no eit bra kommunikasjonsnett med knutepunkt i bygda Lavik. Men det vi framleis ventar på og som vil ha uvanleg mykje å seia for Lavik herad, er først og fremst

## vegen Torvund—Vadheim.

Arbeidet på denne vegen går uvanleg seint. På grunn av skort på pengar måtte arbeidet nedleg-

gjast i april i år, og det ser heller ikkje ut til at det skal verta noko meir av dette vegarbeidet, jamvel om denne kompensasjonsvegen var lova ferdig om tre år. A få ferdigbygd denne vegen, er av umåteleg stort verd for Lavik herad. Ein vil då på ein snøgg og lett måte kunne senda mjølk og andre bondeprodukt til industristadene Vadheim og Høyanger, og smørlaget vil verta nedlagt. Serleg vil dette verta aktuelt når det nye meieriet i Høyanger er kome i drift.

## Husmorskulen.

Ein av dei 4 husmorskulane fylket ligg i Lavik herad, nærare stadfest nede ved sjøen i Alværen. Det er ein gamal herregard, bygd ein gong i slutten av 1700-talet. I si tid eigde Eidsvoll-mannen, generaladjutant Holck, denne garden. Vi spør ordføraren korleis det vil verta med denne skulen no.

— Skulen har kvart år vore fullsett. Søknaden har nok vore mindre etter at skulen i Førde har kome til. Men vi vil gjera alt for å kunne halda på Lavik som skulestad for husmorskulen i Ytre Sogn. For tida freistar vi å få prestegarden til nytt skulehus. Presten har gått med på det, og departementet vil leiga han bort, men fylkestingsutvalet i fjor godtok ikkje kontrakten. Men vi har no sendt inn ny søknad, og vi ventar på eit godt resultat.

## Vassverk.

— Har køpt ein anna plan-

nar det vert arbeidd med?

— Planar har vi nok, men pengane strekk ikkje til. Her i Lavik er det tanken å få bygt eit vassverk. For Helseheimen sitt vedkomande er det dårleg stelt med vatn, og fylket er såleis også interessert i eit slikt vassverk. Det er alt planlagt og kostnadsrekna av overingeniør Hysing. Kostnadsoverslaget for første byggjetrinn er på 63,000, men ved utviding vil det koma på i alt kr. 90,000. Tanken er å demma opp den vesle bekken som renn gjennom Lavik, og det vert freista å få planlegginga i slike former

Framh. 4 s.


## Moderniseringar ved Lavik Helseheim.

**Heimen, som er ein ven og triveleg stad, har rom for 37 pasientar.**

Det første ein legg merke til når ein står på dekket til ein av Fylkesbåtane og ser innover mot Lavik, er det store, kvite fylkessjukehuset for tuberkulose i Ytre Sogn, Lavik Helseheim.

Heimen ligg lunt til ved foten av fjellsida med mykje skog tett ovanfor og berr mark nedanfor. Rundt huset ligg ein mindre velstelt hage innringa av eit heller skropeleg gjerde. Nett attmed gjerdet på nedsida går vegen frå Lavik til Alværen framom.

Sjølve bygnaden er ven å sjå til, serleg er det reint og vent innvendes. Oversøster syner meg rundt i dei ymse avdelingane, og eg kunne ikkje noko anna enn å verta imponert over kor «bymessig» alt var her. I dei seinare åra er det foreteke ein del moderniseringar. Såleis byrja ein med elektrisk oppvarming då ein fekk straum frå Svultingen. Men forutan elektrodeomn har ein og ein stor koksomn som kan nyttast til sentralfyring dersom straumen skulle verta borte. I fjor vart det kjøpt inn eit heilt nytt røntgenapparat, og elles driv ein framleis på med moderniseringar. Innreiing av kjøle- og fryseskåp er i full gang, og det er tanken å gå over til å bruka elektrisk vaskeri. Dessutan er det planar om større vassverk som både helseheimen og sjølve Lavik kan få nytte av. Å rasjonalisera kjøkkenarbeidet med hypermoderne maskiner er og vorte eit aktuelt spørsmål. For pasi-



Lavik Helseheim.

entane arbeider ein med å skipa eit eige bibliotek.

Oversøstra fortel at pleieheimen har plass for 37 pasientar med eit personal på 11: 1 lækjar, 4 søstre, 5 kjøkkengjenter og 1 kokke. Økonomisk går helseheimen bra, rekneskapen for 1948/49 synte eit overskot på kr. 8000, men der av vart over 6000 sett av til kjøleskåp.

Granskar ein litt i saga for helseheimen, finn ein at Lavik Helseheim vart sett i gang 1. juli 1916. Frå den tid har det vore ei rekkje med omvølingar av heimen til det betre. Såleis vart huset påbygt i 1942, og ein kan lett skilja dei to bygningane frå kvarandre. Det er ikkje små pengemidlar som er vore løyvt til denne helseheimen, men for store vart dei aldri. Skal ein fylgja med tida, er det turvande med rikelege pengeløyvingar. Men trass i alle vanskar, er Lavik Helseheim vorte ein gild stad både for dei som er der for å verta friske og for dei som arbeider der. Ein kan trygt seia at heimen står der åleine i all si prakt som eit vitnemål om at ein også her i Sognefjords-bygdene følgjer med i utviklinga.



# Lavik har gode - -

Framhald frå 1. s.

at ein kan søkja om statstilskot. Elles kan det nemnast at det er tanken å få bygt eit heradshus med bank i same bygning. No brukar vi ungdomshuset til møte og liknande, men det er mykje for lite.

## Skulehustilhøva.

Som i dei fleste andre herad, er skulehustilhøva i Lavik ikkje så lite av eit problem. Berre skulehuset i sjølve Lavik stettar krava, men her er lærarbustaden for liten. I Lavikdalen har ein 2 skulehus, som båe er i eldste laget. Men det er serleg på den andre sida av fjorden som er dårleg stelt med omsyn til skulehus. Det er planar om eit nytt skulebygg i Eikefjord, og søknad om tilskot til det er på ny inne. I næraste framtid reknar vi med at skulen i Lavik vert 3-delt, og elles arbeider vi for så mykje sentralisering av skulehusa som mogleg.

## Elektrisk kraft. /

— Elektrisk kraft, ja. Kor langt er ein komen på det omkvervet?

— I heradet vårt har vi sakna elektrisk lys og kraft heilt til 1942, då vi fekk straum frå Svultingen. Men enno er det mykje som står att på dette omkvervet før vi har grunn til å vera nøgde. Kraftlinene går ikkje lenger enn til Alværen innover og berre eit lite stykke utanfor Lavik. Men det vert no arbeidt med å få reist stolpar og liner fram til Torvund og til Bekken. På sørsida av fjorden vil ein i kraftspørsmålet samarbeida med Matre, slik at gardane der kan få straum over Brekke. Men dette er enno på det uvase.

få straum over Brekke. Men dette er enno på det uvase.

## Jordbruket. †

Jordbruket er den viktigaste næringsvegen i heradet. Det er då hovudsakleg gras og rotvokstrar bøndene dyrker. Korn er det svært lite av. Ein held på det gamle med samanslåing til smørlag, og frå Lavik vert det kvar veke sendt om lag 650 kg smør til sentralen i Bergen. Til hausten vil ein freista få i gang ei mjølkerute til Høyanger, og det er då truleg at smørlaget vert oppløyst.

— Korleis ser bøndene på mekaniseringa i jordbruket? Og kva med siloar?

— Det hadde kanskje ikkje vore så dumt med ein maskinstasjon for Lavikdalen til dømes, men noko slikt fins det ikkje i heradet vårt. Det er for små bruk til at dette kan verta skipa. I Lavikdalen er det ein som har kjøpt seg traktor, og den køyrer han rundt til gardane og hjelper til med pløying og harving. Med omsyn til siloar er det vel knapt ein gard som ikkje har det no. Interesse for silobygging er stor, det har no gått opp for dei fleste at ved å leggja foret ned i siloar vil ein for det første få eit mykje betre og næringsrikt for, og for det andre sparar ein mykje arbeidskraft.

## Anna verksemd.

— Korleis er det med skogsdrifta i heradet?

— Ja, det er bra med furuskog hos oss, men noko treindustri er

det ikkje likevel. † Det fins sjølv-sagt ein del sagbruk og høvleri kring i heradet, men desse vert nytta berre når bøndene kjem med tømmer som dei skal bruka sjølve. Elles er det her i Lavik eit hjulmakeri og ein liten møbelverkstad. Kvart år har det vore drive litt med skogplanting, men skogen har som sagt ikkje så mykje å seia i heradet vårt.

— Kva med laksefisket?

— Det har gjennom alle år vore fiska mykje laks av bøndene på fjordgardane. Serleg er dette tilfelle på sør-sida av fjorden, der bøndene driv eit nokså lønsamt laksefiske.

## Ungdom og fritid.

— Kva har ungdomen å ta seg til i fritida si?

— Ja, sant å seia, så har eg ikkje mykje å svara på det spørsmålet. Vi har to ungdomslag i Lavikdalen og eitt her i Lavik. Her har dei sitt eige ungdomshus, men på Lavikdalen har dei ikkje noko lokale. Der driv dei no med å få reist eit slikt, det vil vera til stor hjelp, for på Lavikdalen er det meir ungdom enn her på staden. Dei fleste reiser bort med det same dei er konfirmerte. Laga arbeider litt med teaterverksemd, og ved større høve syner dei fram lettare spelstykke.

— Men driv ikkje ungdomen med idrott i fritida si?

— Nei, her fins korkje idrottsbane eller idrottslag, når ein ser bort frå skilaget i Lavikdalen. Men det hadde ikkje vore nokon dum ide å fått i stand ei slag

# DERES

gamle bilder og negativ (film) gjemmer mange gode motiv som De kan få hygge og glede av ved å få dem forstørret og fargelagt. Hurtig og grei ekspedering. Innramming besørget.

## VEST FOTO

Inneh. K. Botnmark  
FLORØ.

## Nu er varmen kommet.

Vi leverer:

Kjøle- og fryseanlegg.  
Montering og modernisering.  
Reparasjoner.

Lager av automatikk og kjøleveske.

## Maskin Elektro A/S

Lars Hillesgate 18.  
Telefon 18 567.  
Bergen.

 TILT-SOVEPOSER

 Jacob Schjøtt

Bryggen, Bergen.

idrottsbane. Idrotten er då trass alt ein viktig faktor når det gjeld å skapa frisk og sterk ungdom.